

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Kommunestyresalen, Aurland
Dato: 05.09.2016
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/16	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 23/16	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til "Detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen"		2016/396
ST 24/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - sikringstiltak i samband med rassikring av E16 i Nærøydalen		2016/396
ST 25/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - klagebehandling - oppføring av hytte på Horten		2015/4116
DS 10/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr		2014/2136
DS 11/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve etter naturmangfaldlova § 48 i samband med naudsynt sikrings- og oppryddingsarbeid		2016/2833
DS 12/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedbergo		2016/2782
RS 10/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - svar på søknad om bruk av drone i Nærøyfjorden		2016/1726
RS 11/16	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oljefilm på fjorden ved Bakkasundet		2016/3006
RS 12/16	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til Tiltaksplan for Nærøydalselva		2016/203

Andre saker:

Møteplan for Nærøyfjorden verneområdestyre 2. halvår 2016

Orientering om studieturen til nasjonalparken og verdsarvområdet Glacier Bay i Alaska

ST 21/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 22/16 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Arkivsaksnr: 2016/396-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.07.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/16	05.09.2016

Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til "Detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen"

Innstilling frå forvaltar


Nærøyfjorden verneområdestyre har ingen merknader til detaljreguleringsplanen for E16 i Nærøydalen for område som grensar til og er innafor Nærøyfjorden landskapsvernområde. I detaljreguleringsplanen for E16 Nærøydalen er omsyn til Nærøyfjorden landskapsvernområde tatt inn i føresegnene. Det skal setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak. Naudsynte omsyn til landskapsvernområdet er teke med i planframlegget. Verneområdestyret vil behandla søknaden om dispensasjon frå verneforskrifta til sikringstiltak i samband med reguleringsplan for E16 i Nærøydalen som eige sak.

Saksopplysningar

Føremålet med planen er rassikring i Nærøydalen. Det er gjennomført risikovurdering av fleire alternative løysingar for rassikring av E16 gjennom Nærøydalen og for oppgradering av Sivle-Stalheimstunnelen. Utreiinga og analysen viste at ein lang tunnel frå Hylland til Slæn ville vera beste løysinga. Det er gjort eit omfattande arbeid for å finna det best eigna område for tunnelpåhogg i Nærøydalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har delteke på møte og synfaringar undervegs i arbeidet.

Tunnelpåhogg i Nærøydalen ligg tett opp til grensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan vera aktuelt med tiltak inn i verneområde for å bygge forskjæring til tunnel og portal. Sprenging i og nær området skal skje varsamt for å avgrensa inngrep. Under anleggsperioden vil det vera trong for sikringstiltak som delvis går inn i landskapsvernområdet. Det kan i tillegg vera aktuelt med sikringstiltak som reinsking av lause massar og bolting innafor verneområdet. Fanggjerde som vert sett

opp for å sikre under anleggsperioden, skal fjernast etter anleggsperioden er over. Det er tatt inn i føresegnene til planen § 8 at vernegrensa skal markerast i anleggsperioden med fysisk gjerde der det er mogleg for å sikre at det ikkje vert gjort inngrep i verneområdet utover det som det vert søkt om.



Figur 1 Utklipp frå detaljreguleringsplanen, reguleringsplankart

Vurdering

Det er gjennomført risikioverføringar av fleire alternative løysingar for rassikring av E16 i Nærøydalen, og det er gjennomført konsekvensutgreiingar for tema naturmangfald og landskapsbilete. Alternativet med lang tunnel frå Hylland til Slæn er vurdert som beste alternative vegløysing. I detaljreguleringsplanen for E16 Nærøydalen er omsyn til Nærøyfjorden landskapsvernområde tatt inn i føresegnene. Det skal setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak. Forvaltar meiner naudsynte omsyn til landskapsvernområdet er teke med i planframlegget, og har ingen merknader til planen slik den føreligg. Verneområdestyret vil behandla søknaden om dispensasjon frå verneforskrifta til sikringstiltak i samband med reguleringsplan for E16 i Nærøydalen som eige sak.

Arkivsaksnr: 2016/396-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.07.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdeestyre	24/16	05.09.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - sikringstiltak i samband med rassikring av E16 i Nærøydalen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdeestyre gjev dispensasjon til sikringstiltak i samband med gjennomføring av rassikring og bygging av ny tunnel på E16 i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og andre alternativ.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det skal setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa medan arbeidet pågår for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak
- Sprenging i og nær området skal skje varsamt for å avgrensa inngrep
- Dersom det er naudsynt, kan det gjennomførast aktuelle sikringstiltak som reinsking av lause massar og bolting innafør verneområdet. Det skal etablerast tett kontakt med verneområdeforvaltar i arbeidet med korleis sikringstiltak best kan gjennomførast. Tiltaka skal avgrensast til det som er strengt naudsynt
- Fanggjerde som vert sett opp for å sikre under anleggsperioden, skal fjernast etter anleggsperioden er over
- Før endeleg ferdigstilling av veganlegget ved Hylland og slutføring av arbeidet, skal det gjennomførast felles synfaring med verneområdeforvaltar i anleggsområdet. Verneområdeestyre kan pålegge tilstelling for å slutføra arbeidet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad frå Statens vegvesen om dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 til sikringstiltak, datert 21.06.2016

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden 2007
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009

Statens vegvesen søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 til å gjennomføra sikringstiltak i samband med gjennomføring av «reguleringsplan for E16 i Nærøydalen». Føremålet med planen er rassikring i Nærøydalen. Det er gjennomført risikovurdering av fleire alternative løysingar for rassikring av E16 gjennom Nærøydalen og for oppgradering av Sivle-Stalheimstunnelen. Utgreiinga og analysen viste at ein lang tunnel frå Hylland til Slæn ville vera beste løysinga. Det er gjort eit omfattande arbeid for å finna det best eigna område for tunnelpåhogg i Nærøydalen. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har delteke på møte og synfaringar undervegs i arbeidet.

Tunnelpåhogg i Nærøydalen ligg tett opp til grensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan vera aktuelt med tiltak inn i verneområde for å bygge forskjæring til tunnel og portal. Sprenging i og nær området skal skje varsamt for å avgrensa inngrep. Under anleggsperioden vil det vera trong for sikringstiltak som delvis går inn i landskapsvernområdet. Det kan i tillegg vera aktuelt med sikringstiltak som reinsking av lause massar og bolting innafor verneområdet. Fanggjerde som vert sett opp for å sikre under anleggsperioden, skal fjernast etter anleggsperioden er over. Det er tatt inn i føresegnene til planen § 8 at vernegrensa skal markerast i anleggsperioden med fysisk gjerde der det er mogleg for å sikre at det ikkje vert gjort inngrep i verneområdet utover det som det vert søkt om.



Figur 2 Utklipp frå detaljreguleringsplanen, reguleringsplankart

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernområde er *«..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter»* jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. I dei spesifiserte reglane i verneforskrifta jf. § 3, pkt. 1.3, er det ikkje opning for å gje løyve til tiltaket det vert søkt om. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan i fylgje naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, *«gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*. Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i nml. §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Ny vegtrase for E16 gjennom Nærøydalen er naudsynt av omsyn til tryggleiken for trafikkantane, og nye krav til vegstandard for Stalheims- og Sivlestunnelen. Tiltaka det er søkt om i detaljreguleringsplanen for E16 Nærøyfjorden vil føra til inngrep i verneområdet og er i strid med verneføremålet. Det er av stor samfunnsmessig nytte å få ein meir rassikker veg i Nærøydalen. E16 er nasjonalt viktig samferdselsveg mellom Oslo og Bergen. Omsynet til samfunnsinteressene og trafikktryggleiken er avgjerande i denne saka. På denne bakgrunn vurderer forvaltar vilkåra for å vurdere dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 1. ledd andre alternativ til å vera oppfylt.

Det er gjennomført konsekvensutgreingar for tema naturmangfald og landskapsbilete i arbeidet med reguleringsplanen. Det er ikkje registrert kjente naturtypar eller artar i tiltaksområde i arbeidet med konsekvensutgreinga. Forvaltar vurderer det er lagt fram naudsynt dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få på verneverdiane i området. Kunnskapsgrunnlaget for å vurdere tiltaket jf. nml. § 8 er vurdert som godt, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Nærøydalen er ein trong dal med fleire inngrep. Forvaltninga skal vurdere den samla belastning eit tiltak vil ha på økosystemet jf. nml. § 10. Den nye vegtraseen vil koma i tillegg til vegen som er der i dag, og den vil liggja høgare i terrenget. Ny veg og sikringstiltak vil vera med og auka den samla belastning på naturmiljøet i dalen. Det bør difor leggjast stor vekt på den samla belastninga på økosystemet dersom det kjem spørsmål om ytterlegare tiltak i dalføret. I detaljreguleringsplanen for E16 Nærøydalen er det lagt føringar for å avgrensa inngrep i landskapsvernområdet, og omsyn til Nærøyfjorden landskapsvernområde er tatt inn i føresegnene. Under anleggsarbeidet skal det setjast opp fysiske gjerde for å markera vernegrensa for at det ikkje skal verta inngrep i verneområdet der det ikkje er gjeve løyve til tiltak. Forvaltar meiner naudsynte omsyn til landskapsvernområdet er teke med i planframlegget. Tiltakshavar skal dekkja kostnader med tilpassingar for å unngå eller avgrensa skade på naturmangfaldet jf. nml. § 11. Tilpassingar er lagt inn som del av vegprosjektet i detaljreguleringsplanen.

Det er gjennomført risikio vurderingar av fleire alternative løysingar for rassikring av E16 i Nærøydalen, og alternativet med lang tunnel frå Hylland i Nærøydalen til Slæn i Voss kommune er vurdert som den alternative vegløysing som vil gje minst inngrep i verneområdet. Så langt me kjenner til finst det ikkje alternative vegløysingar som går heilt klar av verneområdet. På bakgrunn av framlagde vurderingar og konsekvensutgreiingar er veglina som er valt vurdert til å vera den beste miljømessige løysinga jf. nml. § 12. I «Ytre miljøplan og Rigg- og marksikringsplan» er det sett føringar som skal sikre ivaretaking av mellom anna kulturmiljø, landskapsbilete, naturmangfald og naturressursar.

Konklusjon

På bakgrunn av vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det av omsyn til rassikring og vesentlege samfunnsinteresser, er grunnlag for å gje dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 til gjennomføring av «detaljreguleringsplan for E16 i Nærøydalen.

Arkivsaksnr: 2015/4116-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.08.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområde styre	25/16	05.09.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - klagebehandling - oppføring av hytte på Horten

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har tidlegare innstilt på avslag i saka, og konklusjonen frå tidlegare vurderingar står ved lag.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Klage frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på vedtak om løyve til å oppføre fritidsbustad på Horten, Aurland kommune, datert 24.06.2106
- Saksprotokoll med saksframlegg i Nærøyfjorden verneområde styre – 07.06.2016, sak 16/16
- Saksprotokoll med saksframlegg i Nærøyfjorden verneområde styre – 05.04.2016, sak 12/16
- Tilleggsopplysningar frå Svenn Vidar Stegen til søknaden om å få setja opp nytt bygg på Horten, datert 06.03.2016
- Saksprotokoll med saksframlegg i Nærøyfjorden verneområde styre – 01.03.2016, sak 5/16
- Søknad frå Svenn Vidar Stegen om å få setja opp eit nytt bygg på Horten, datert 17.11.2015

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har klaga på Nærøyfjorden verneområde styre sitt vedtak om å gje løyve til oppføring av hytte på Horten i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I klagen vert presedensverknaden dette vedtaket kan ha for liknande saker i verneområdet vektlagt. Fylkesmannen meiner det kan vera aktuelt for mange andre eigedomar med tilsvarende storleik å søkje om oppføring av fritidsbustad.

Når Fylkesmannen var forvaltningsstyresmakt for verneområdet, vart dei kontakta av fleire grunneigarar som ynskte å føre opp fritidsbustadar på gamle stølsvollar både der det ikkje var bygningar og i andre område. I klagen vert Solbjørge, Aksnes og Kappadalen trekt fram som andre fråflytta gardar i landskapsvernområde der berre murane står att etter bygningane. Fylkesmannen meiner fritidsbustad på Horten ikkje vil vera i tråd med verneføremålet, og at det difor ikkje er heimel til å gje løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Grunneigar Sven Vidar Stegen har opplyst til forvaltar at han ynskjer å drive ein del skjøtsel i området for å ta vare på kulturlandskapet rundt tunet og innmarka på Horten, og vedlikehald av stiar. Han har stor bruk for ein overnattingsplass i samband med skjøtelsesarbeidet. I tillegg vil hytta verta nytta i samband med jakt.

Viser til fleire saksopplysningar i sak 16/16.

Vurdering

Forvaltar viser til tidlegare vurderingar der forvaltar har innstilt på avslag. Konklusjonen frå tidlegare vurderingar står ved lag. Styret må vurdere om klagen frå Fylkesmannen skal takast til fylgje, eller styret står på vedtaket i sak 16/16 og sender klagen vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjer.

Bakgrunn for saka går fram av saksutgreiing til sak 16/16, 12/16 og 5/16 nedanfor.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 07.06.2016 – sak 16/16

Handsaming i møte

Det vart lagt fram alternativ innstilling til vedtak i møte:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til å bygga fritidshus på Horten i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast utanfor tunet på Horten som vist på kartet i saka. Arealet på bygget kan vera inntil 28 m² inklusiv tilbygg for utedo.
- Bygget skal tilpassast i landskapet utan store inngrep i terrenget. Bygget skal vera utforma som ei tradisjonell stove med 1 etasje etter lokal tradisjonell byggestil. Dette gjeld takvinkel, vindauge og dører. Huset skal ha liggjande ukanta kledning av tre-materiale med god kvalitet, slik at bygget kan stå umåla. Bygget kan setjast på pålar, men skal ha blendingsmur av stein. Taket kan vera av torv, gamaldags galvanisert bølgeblekk, eller tre-materiale
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeidet er avslutta
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Tiltakshavar skal senda rapport med bilde til sekretariatet når tiltaket er gjennomført. Bygget kan sluttgodkjennast etter synfaring med representant frå verneområdestyret

Saka er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Styret viser til saksinnstillinga frå forvaltar for naturmangfaldlova (nml.) §§ 8 og 9. Dette tiltaket er særskilt i dette området ved at det er ein stor eigedom (ca. 2000 daa) utan bygningar. Oppføring av bygning vert vurdert som naudsynt for å ha godt tilsyn med eigedomen og kunna vedlikehalda stiar i området. Det er lite sannsynleg at det kjem tilsvarande søknader i dette verneområdet, og tiltaket vil lite truleg gje presedens. Tiltaket er vurdert som eit skånsamt inngrep, og det vil ikkje vera føra til stor belastning på naturmiljøet jf. nml. § 10 i naturmangfaldlova. Kostnad med eventuelle miljøforringing skal berast av tiltakshavar jf. nml. § 11. Styret ynskjer at dette området skal kunne takast meir i bruk,

og meiner plasseringa ikkje fører til skade på naturmangfaldet jf. § 12 i nml. om vurdering av lokalisering. Tiltaket er vurdert til ikkje å føra til nemneverdig skade på verneverdiane, og ikkje i strid med verneformålet. Med denne bakgrunn er det gjeve løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Dette løyvet gjeld berre tilhøva etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve etter plan- og bygningslova frå Aurland kommune.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.

Resultatet frå avrøystinga vart ei stemme for innstilling frå forvaltar og 3 stemmer for framlegg til vedtak lagt fram i møte.

Vedtak


Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til å bygga fritidshus på Horten i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast utanfor tunet på Horten som vist på kartet i saka. Arealet på bygget kan vera inntil 28 m² inklusiv tilbygg for utedo.
- Bygget skal tilpassast i landskapet utan store inngrep i terrenget. Bygget skal vera utforma som ei tradisjonell stove med 1 etasje etter lokal tradisjonell byggestil. Dette gjeld takvinkel, vindauge og dører. Huset skal ha liggjande ukanta kledning av tre-materiale med god kvalitet, slik at bygget kan stå umåla. Bygget kan setjast på pålar, men skal ha blendingsmur av stein. Taket kan vera av torv, takplater av stål med gamal profil, eller tre-materiale
- Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeidet er avslutta
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Tiltakshavar skal senda rapport med bilde til sekretariatet når tiltaket er gjennomført. Bygget kan sluttgodkjennast etter synfaring med representant frå verneområdestyret

Saka er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Styret viser til saksinnstillinga frå forvaltar for naturmangfaldlova (nml.) §§ 8 og 9. Dette tiltaket er særskilt i dette området ved at det er ein stor eigedom (ca. 2000 daa) utan bygningar. Oppføring av bygning vert vurdert som naudsynt for å ha godt tilsyn med eigedomen og kunna vedlikehalda stiar i området. Det er lite sannsynleg at det kjem tilsvarende søknader i dette verneområdet, og tiltaket vil lite truleg gje presedens. Tiltaket er vurdert som eit skånsamt inngrep, og det vil ikkje vera føra til stor belastning på naturmiljøet jf. nml. § 10 i naturmangfaldlova. Kostnad med eventuelle miljøforringing skal berast av tiltakshavar jf. nml. § 11. Styret ynskjer at dette området skal kunne takast meir i bruk, og meiner plasseringa ikkje fører til skade på naturmangfaldet jf. § 12 i nml. om vurdering av lokalisering. Tiltaket er vurdert til ikkje å føra til nemneverdig skade på verneverdiane, og ikkje i strid med verneformålet. Med denne bakgrunn er det gjeve løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Dette løyvet gjeld berre tilhøva etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve etter plan- og bygningslova frå Aurland kommune.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8.2.ledd i Lova om kulturminne.



Utsnitt frå fylkesatlas. Plassering på gamle murar eller i utkanten av tunet (markert med sirkel).

Saksopplysningar

Styreleiar for Nærøyfjorden verneområdestyre og forvaltar var på synfaring på Horten saman med grunneigar 20. mai 2016. Viser til eige notat frå synfaringa, datert 23.05.2016. Styret vedtok i sak 12/16 at det skulle gjennomførast synfaring til Horten før dei ville gjera vedtak i saka. På synfaringa vart det sett på to moglege plasseringar av hytta. Plasseringane er i tunet og nær tunet. Søkjar vil tilpassa bygget til landskapet og lokal tradisjonell byggeskikk.

Saksopplysningar og saksframlegg i saka er lagt fram i tidlegare møte i verneområdestyret:

- Sak 12/16, 05.04.2015
- Sak 5/16, 01.03.2016

Vurdering

Forvaltar har i tidlegare saksframlegg vurdert at vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ ikkje er oppfylt i denne, og at det difor ikkje er heimel for å gje dispensasjon til bygging av fritidshytte på Horten etter naturmangfaldlova § 48. Etter synfaringa tok forvaltar kontakt med Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane for å få fylkeskommunen sine kommentarar til plassering av ei hytte på gamle murar i tunet på Horten. Arkeolog hjå fylkeskommunen uttalar at det erfaringsmessig ofte kan finnast eldre kulturminne i eldre tun, og rår difor frå å gje dispensasjon frå verneforskrifta til dette tiltaket. Forvaltar vurderer føresetnadane for å gje løyve til tiltaket ikkje er vesentleg endre etter synfaringa på Horten. Tidlegare vurderingar vert difor lagt til grunn i vurderinga av saka, i tillegg til uttale frå fylkeskommunen om potensielle automatisk freda kulturminne. På denne bakgrunn vurderer forvaltar at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 ikkje er oppfylt, og med at det ikkje er heimel for å gje dispensasjon frå verneforskrifta til oppføring av hytte på Horten.

Bakgrunn for saka går fram av saksutgreiing til sak 12/16 og 5/16 nedanfor.

Handsaming i møte 05.04.2016 – sak 12/16

Saka vart utsett. Det skal gjennomførast synfaring på Horten med sikte på å finne ei tenleg løysing med omsyn til plassering og utforming av bygget. Synfaringa skal gjennomførast av forvaltar, representantar frå verneområdestyret og grunneigar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Tilleggsopplysningar frå Svann Vidar Stegen til søknaden om å få setja opp nytt bygg på Horten, datert 06.03.2016
- Saksprotokoll med saksframlegg i Nærøyfjorden verneområdestyre – 01.03.2016, sak 5/16
- Søknad frå Svann Vidar Stegen om å få setja opp eit nytt bygg på Horten, datert 17.11.2015

Søknad datert 17.11.2015 frå Svann Vidar Stegen om bygging av hytte på Horten, vart lagt fram for Nærøyfjorden verneområdestyre på møte 1. mars. Styret utsette saka. Styret bad forvaltar ta kontakt med søkjar for å sjå på alternative løysingar. Stegen sendte nye opplysningar til søknaden 6. mars. Stegen har bruk for ei hytte til overnatting i samband med skjøtselsarbeid. Han ynskjer å slå gras på bøen på Horten og rydde området for kratt og skog rundt bøen og tuftene i det gamle tunet. Stegen søker om ny plassering av hytta nedanfor Hortakollen. Ny plassering er på sørsida av Hortakollen, men med ei plassering som ikkje er i kontakt med gamle rydningsrøyser eller gamle tufter.

Ny vurdering

Det er positivt at Svann Vidar Stegen vil vedlikehalda stien opp til Horten og halda området på Horten opent slik at det ikkje gror att. Eigedomen har ikkje vore i aktivt drift etter 1960-talet, og det er ikkje bu- og driveplikt på garden. Horten er ikkje peika ut som prioritert område for skjøtsel i forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og skjøtsel på Horten er ikkje eit prioritert tiltak. Ein ny bygning på Horten vil ikkje vera eit landbruksbygg, men eit fritidsbygg. Det er fleire stader i landskapsvernområdet det kan vera ynskjeleg med ei hytte til fritidsbruk, og eit løyve i denne saka vil difor kunne gje presedens i liknande saker. Forvaltar viser til tidlegare vurdering i saka, og kan ikkje sjå at dei nye opplysningane i saka endrar tidlegare vurderingane. Forvaltar vurderer det ikkje er heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Bakgrunn for saka går fram av saksutgreiing til sak 5/16 nedanfor:

Saksprotokoll og saksframlegg sak 5/16:

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2016, sak 5/16

Handsaming i møte

Saka vart utsett til neste møte. Styret bad forvaltar ta kontakt med søkjar for å sjå på alternative løysingar. Framlegget til vidare saksgang vart godkjent med 4 stemmer for og 1 stemme mot.


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Svann Vidar Stegen er ny eigar av garden Horten i Aurland kommune, gnr. 56 bnr. 1. Horten er ein hyllegard som ligg ca. 570 moh over Aurlandsfjorden på austsida av fjorden. For å koma til Horten må ein bruka båt over fjorden. Det går to stiar opp til Horten frå fjorden. Det er ingen bygningar på Horten i dag. Tidlegare stod det ei gamal

jaktbu på fjellet ovanfor fjellstølen til Horten. Jaktbua er ramla ned, og berre restane frå bygget ligg att der jaktbua stod.

Stegen søkjer om å få setja opp ei ny hytte på Hortakollen (høgste punkt på kollen er 620 moh). Hortakollen er ein liten kolle rett nord for tunet på Horten. Det nye bygget er planlagt med eit areal på 24 m² (4 x 6 meter). Hytta er tenkt nytta vår og sommar i samband med vedlikehald av stien, og under jakta om hausten.



Bygg eier: Svenn Vidar Stegen		
Dok. Nr:	Prosjekt:	
001	Jakthytte Horten	
Date:	Tekst:	
20.11.2015	Isometrisk.	
Sr. Nr. Nr:	Sett fra:	
Revisjon:	Målestokk:	Utarbeidet av:
01		Steinar Stegen

Skisse av bygget, utklypp frå søknad



Utsnitt av kart med innteikna plassering av hytta

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 2. «Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endra eller verke inn på landskapets art eller karakter.» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeldoppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar.... jf. § 3 punkt 1.1. a). Det er reglar i verneforskrifta for oppføring av bygg i samband med landbruksdrift, turlagsverksemd eller oppsyn. Ei privat jakthytte kjem ikkje under desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap. Horten er ein av fjellhyllgardane i Aurlandsfjorden. Det har ikkje vore busetnad på Horten etter 1865. Det er tufter etter hus i tunet på Horten, innmarka, vårstølen og fjellstølen. Stovehuset stod delvis oppe kring 1960 (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*). Stien opp til Horten har vore lite nytta, og er delvis attgrodd, men det er restar etter den stien vegen på nokre strekkingar. Stegen har søkt om å få utbetra stien på nordsida av Horten på nokre stadar.

Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i tiltaksområde (Naturbase 29.01.2016). Det er bra kunnskap om området gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområde, lokalhistorie (*Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy - Åsmund Ohnstad*) og synfaring i område v/forvaltar og SNO. Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane opplyser i sin uttale at det er lite kjende kulturminne frå nyare i tid på Hortakollen. Kunnskapsgrunlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Det må vurderast om vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast løyve til oppføring av ny hytte. Den samla belastninga dette tiltaket vil ha for naturmiljøet jf. nml. § 10, og presedensverknaden for tilsvarande saker må vurderast. Det har vore spørsmål frå andre grunneigarar og jegerar i dette landskapsvernområdet om å få setja opp jaktbu, og det kan koma spørsmål frå fleire om bygging av jaktbu i tilknytning til stølar og hyllegardar. Det er store utmarksområde med både beiterettar og jakt- og fiskerettar knytt til dei fleste gardsbruka i Aurland. Dette gjeld og for Horten. Jaktrettane har stor rekreasjonsverdi for grunneigarar og innbyggjarar i Aurland. Løyve til oppføring av ei ny hytte i dette området vil kunne gje presedens i tilsvarande saker. Det er fleire eigeedomar med jaktrettar innafor landskapsvernområdet der det ikkje er bygningar på eigedomen i dag. Den gamle jakthytta på fjellet ovanfor Horten var ei lita arbeidsbrakkje på ca 10-12 m². Jakthytta som er rast saman, kan ikkje byggjast opp att utan nytt byggeløyve, og må sjåast på som eit nytt tiltak. I forvaltningsplanen er det retningslinjer om at det ikkje bør setjast opp nye bygningar i område det ikkje er bygningar frå før. Dette er kommentert under kapittel om stølsmiljø, og i samband med landbruksdrift. I verneforskrifta og forvaltningsplan er trongen for oppføring av nye bygg vurdert til å vera i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Jakt er omtalt som friluftaktivitet. Det er ikkje heimel for oppføring av jakthytter i verneforskrifta, og jakthytter er ikkje vurdert som aktuelt tema i forvaltningsplanen. Det er heller ikkje forvaltningspraksis i dette verneområdet for å gje løyve til oppføring av nye jakthytter. I forvaltningsplan under kapittel «Tiltak for tilrettelegging og friluftsliv», står det at tilrettelegging med faste leirplassar ikkje er ynskjeleg. Det er tilrettelagt med leirplassar ved fjorden der det er mykje ferdsel, og der tilrettelegginga er tiltak innafor lokal næringsutvikling. Døme på dette er gapahuken i fjellet ovanfor Hovdungo i Undredal. Stegen ynskjer å kunne nytta området til jakt og friluftsliv. Han vil setja opp ei enkel hytte for overnatting i samband med jakt og friluftsliv. Han opplyser at hytta kan stå open for andre som ferdist i området, men med avtale om nøkkel. Området er vanskeleg tilgjengeleg og vert i liten grad nytta til friluftsliv med unntak av jakt. Hytta vil difor i hovudsak vera ei privat jakthytte. Sommaren 2015 bar Stegen lavvo og utstyr opp til Horten til bruk under jakta. Ein lavvo som står fast oppe i meir enn 2 månader, og kasser for lagring over fleire år, er å rekna som faste innretning, og må søkjast om løyve til frå verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48. Vanskeleg tilgang til området

kan vera eit argument for å vurdera ein fast leirplass i området. Dette må i tilfelle vurderast i ein ny sak.

I uttalen frå Fylkeskommunen vert det gjeve ein generell tilbakemelding i forhold til gamle murar i verneområdet. Dei rår til at «*ein skal vera svært varsam med å sette nye bygningar opp på eller i nærleiken av dei gamle murane*». Gamle murar er spor etter menneske som budde og livnærte seg her. Bygget på Hortakollen vil lite truleg påverka kulturminne, men vil ha stor påverknad på naturlandskapet på Horten. Med eit nytt bygg i dette området, og moglegheit for fleire tilsvarande saker, vil effekten av nye bygg med tilnærma likt formål i verneområdet kunne gje ei samla stor belastning på verneverdiane og vera i strid med verneføremålet.

Konklusjon

Nye hytter i eit naturområde utan inngrep vil påverka landskapet sin karakter. Hytta er ei jakthytte, og det er ikkje heimel for å bygge nye jakthytter i verneområdet. Denne saka vil høgst sannsynleg gje presedens for tilsvarande saker. Dette bygget saman med fleire tilsvarande byggesaker er vurdert til å kunne påverka verneverdiane, og vil vera i strid med verneføremålet om å ta vare på eit eigenarta natur- og kulturlandskap. Vilkåra etter naturmangfaldlova § 48 er difor vurdert til ikkje å vera oppfylt. Det er med det ikkje heimel for å gje løyve til oppføring av ny hytte på Horten, og søknaden må avslåast.

DS 10/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr

DS 11/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve etter naturmangfaldlova § 48 i samband med naudsynt sikrings- og oppryddingsarbeid

DS 12/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Nedbergo

RS 10/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - svar på søknad om bruk av drone i Nærøyfjorden

RS 11/16 Nærøyfjorden landskapsvernområde - oljefilm på fjorden ved Bakkasundet

RS 12/16 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til Tiltaksplan for Nærøydalselva